

Sei det som det er

Ærlegdom varar lengst, viser ein ny studie av jobbsøkarar.

PUBLISERT 5. desember 2010

Ei åtvaring om at testen dei tok, kunne avsløra usanne svar, førte til meir ærleg respons, noko som igjen gav større sjanse for tilsetjing. Dei som var blitt åtvare, oppnådde signifikant lågare skårar på testane. Men samstundes gav dette positive utteljing, fordi testen oppfatta dei som meir ærlege. Studien baserte seg på testar som samla inn biografiske data om utdanninga, arbeidserfaringa, evnene og haldningane til søkaren. Mange slike testar har innebygd spørsmål spesielt utvikla for å avsløra juksing.

– Å åtvare søkerane om løgndetektorfunksjonen kan vera ein enkel og kostnadseffektiv måte å få folk til å svara ærleg, noko som i sin tur gjev meir nøyaktige testdata, seier Chris W. Wright ved San Francisco State University til *Medical News Today*.

Kjelde: Kuroyama, J. et al. (2010). The effect of warning against faking on noncognitive test outcomes: A field study of bus operator applicants. *Applied H.R.M. Research*, 12(1), 59–74

Teksten sto på trykk første gang i Tidsskrift for Norsk psykologforening, Vol 47, nummer 12, 2010, side